

## Innspel frå Sogndal Vidaregåande Skule Avd Bygg og anleggsteknikk

### Innleiing

**Sogndal Vidaregåande Skule avd bygg og anleggsteknikk** er positive til strategien om å auka handverkskunnskapen og kapasiteten i handverksfaga. Arbeid innan vedlikehald og oppgradering av bygg og anlegg er ein stor del av arbeidsfeltet som våre elevar kan venta seg. Sogndal Vgs tilbyr fleire av dei utdanningsprogramma som Riksantikvaren sin strategi er retta mot. Dette er anlegg, rørleggar, kem, betong og mur og tømrarutdanning. Hovudtyngda av elevane hjå oss går på tømrar, rørleggar og anleggsteknikk. Vi meina at strategien er aktuell i ulike grad for dei ulike programområda på vidaregåande nivå. Vårt innspel er avgrensa til kapittelet om «**strategisk satsing 1: Håndverkkompetansen og-kapasiteten skal styrkes**» som omhandlar utdanning og opplæringstilbodet i handverksfaga.

### Generelt om vidaregåande utdanning

Læreplanane gjev stort handlingsrom slik at innhaldet i opplæringa kan tilpassast næringslivets rekrutteringsbehov, og kan difor variera noko frå skule til skule. Innspelet vårt er tufta på Sogndal vgs sin ståstad og kva næringslivet rundt oss forventar at avgangselevar skal innehå av kompetanse når dei startar læretida. **Vi tykkjer difor at på vidaregåande opplæring så er strategien meir relevant for nokre programområde enn andre.**

På programområde **vg2 rørleggar** meina vi at det ikkje er naudsint med fokus på tradisjonshandverk i vidaregåande skule, men at dette kan eventuelt komma som tilbod seinare som lærling eller fagarbeidar. Elevane har eit stort pensum som dei må igjennom før fagprøve, noko som er gjenspeglia i utvida læretid (2,5 år)

**Anleggsteknikk vg2** må ha fokus på breidde i opplæringa sidan elevane kan gå ut i ni ulike lærefag. Ei fordjuping og spesialisering etter Riksantikvaren si målsetjing vil her vera utfordrande, og vil truleg kunn vera interessant for nokre få elevar per årskull.

**For tømrarelevar og betong/mur linja** er strategien etter vårt syn aktuell, og vi har gjort nokre tiltak for å gjera elevane kjente med det mangfoldige arbeidsområdet som ligg innan restaurering og vedlikehald. Rehabilitering, kulturarv og tradisjonelle arbeidsoppgåver ligg som kompetansemål i læreplanen til desse programområda slik at det ligg føringar for at elevane skal få kunnskap om dette. Kulturarv og byggeskikk er også opplæringsmål på vg1 bygg og anleggsteknikk, så er det opp til den enkelte skule og tolke kva opplæringa om tema skal vera. Vi meina difor at det er handlingsrom i læreplanane til å jobba etter intensjon i Riksantikvaren sin høyringsstrategi.

Tømrar og betong/mur elevane på Sogndal Vgs har dei siste åra fått omvising på museumet «De heibergske samlingar» i bygg av ulike tidsepokar og stilartar. Museums handverkarane har stått for formidling om materialekvalitet og istandsetting av eldre bygg dersom det har føregått slikt arbeid ved besøket. Tømrarelevar var i år også med på Fortidsminneforeinga sitt kursopplegg «handlag» med to grupper over to veker der vi fristilte timeplanen og jobba med tradisjonsbygg. Dette var ei positiv oppleveling der sag, hoggjarn og øks vart nytta. Materialekvalitet, tradisjonshandverk og berekonstruksjon var tema, samstundes som elevane fekk grunnleggande øving i verktøybruk rettleia av Fortidsminneforeininga sine instruktørar. Kurset oppstod med bakgrunn i at det var privat byggherre som tok initiativ og hadde behov i å oppføra eit byggverk. For å systematisera slike kurs årleg kan det vera eit forslag at lokale museum eller ideelle organisasjonar kan vera ein naturleg samarbeidspart der dei er tilgjengelege. Då blir det føreseieleg både for kursinstruktørar og undervisningsplanlegging. Det er då naudsint at det føl ressursar med opplæringa, slik at det ikkje blir ei ekstra byrde for museuma. Vi trur det er viktig at ungdomar får oppleva mangfaldet innan bygg og anlegg og at dette vekkjer interesse for seinare fordjuping og spesialisering.

**Innspel på dei ulike målsetningane «strategisk satsing 1: Håndverk kompetansen og-kapasiteten skal styrkes» etter nummerert rekkefølgje.**

1. Å drive vidaregåande opplæring er komplekst der det er mange fagleg og pedagogiske omsyn som skal balanserast innan ei avgrensa tidsramme. Skulen samarbeidar med både næringsliv, foreldre, opplæringskontor og andre skular, og hovudfokuset er elevane sin trivsel og opplæring. Vi meinar difor at dialog og samarbeid mellom ulike aktørar etter målsetning 1 er viktig for å styrka handverksfaga, men må ikkje bli for omfattande. Vi har avgrensa tidsramme for opplæring, der elevane skal få opplæring i mange ulike tema og kursing.
2. Vi er positive til synleggjering av mangfaldet innan restaurering og istandsettingsarbeid og det er viktig at vidaregåande elevar får kjennskap til dette. Mange elevar får også praktisk erfaring med dette ved utplassering i bedrift (YFF) gjennom skuletida dersom bedifta arbeider i ROT markedet. Om målsetjinga er at fleire elevar skal velja utdanning innan handverksfaga, så må slik synleggjering skje allereie på ungdomsskule før dei søker inntak til vidaregåande skule.
3. Syner her til Rot kartlegginga som er lagt ved høyringa. På side 2 står det at:  
*«-utdanningstilbudet i liten grad skiller kompetanse for arbeid i nybygg- eller ROT-markedet, sjølv om en kan anta at arbeid i ROT-markedet krever meir fagkunnskap».*

Vi er samde i at det er meir kompetansekrevjande innan ROT-markedet med dei omsyn som må takast i høve bygningsfysikk, estetikk og dimensjonering. På vidaregåande nivå så er vår erfaring at opplæringa må vera grunnleggande. Så ei innføring i ROT på vidaregåande nivå må og vera av slik art. Syner til vår erfaring der kombinasjon mellom øving i bruk av handverktøy og innføring i bæresystem i tradisjonelle bygningar som vi synest var vellukka. Museum og Fortidsminneforeinga kan vera ein naturleg samarbeidspart, då dei har spesialisert kompetanse på dette feltet som mange yrkesfaglærarar ikkje har. I dagens læreplanar meina vi det som tidlegare nemnt, er nok handlingsrom til at dette kan utførast i dei faga vi ser det som aktuelt. For å auka kunnskapsgrunnlaget om tradisjonelt handverk på vidaregåande skule så kan det vera eit forslag å tilby eit intensivt undervisningsopplegg slik som Fortidsminneforeinga sitt «handlag». Meir omfattande fordjuping og spesialisering i Rot-markedet er naturleg seinare i progresjons-stigen som i læretida eller som fagarbeidar.

4. Vi tykkjer det er viktig at det skal vera tilbod om vidareutdanning innan handverk for dei som etter nokre års praksis vil auka kunnskapsgrunnlaget.
5. Ingen merknad til dette punktet.

Med venleg helsing, **Geir Arne Lomheim**

Kontaktlærar tømrar og betong/fagutviklar, Sogndal Vidaregåande Skule.